ALVER
KOMMUNE

May Lise Kismul
Skarsvegen 549
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 22/6488 - 22/75628 | Hanne Marie Evensen<br>hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | 03.10.2022 |

# Vedkomande spørsmål om mellombels bruksløyve for bustad - gbnr 147/18 Sellevoll

Viser til din mail sendt 28.09.2022, samt brev sendt frå kommunen til deg den 27.09.2022 om at saka vert avslutta.

Det er ikkje mogleg å få eit mellombels bruksløyve til å bu på eigedomen din gbnr. 147/18 ettersom bygningen er registrert som fritidsbustad. For at du skal kunne nytte denne eigedomen som heilårsbustad må du søke om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

Fo bruksendring etter plan- og bygningslova er det naudsynt med søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Tiltaket er søknadspliktig jf. til plan- og bygningslova § 20-1 bokstav d, og krev løyve. Det er krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3. Krav til opplysningar som skal fylgje søknaden kjem fram av SAK10 § 5-4. Om det er naudsynt med søknad om unntak etter pbl § 31-2 fjerde ledd, må naudsynt dokumentasjon ligge føre.

Gjeldande kommuneplan viser at eigedommen ligg innanfor område sett av til landbruk, natur og friluftsføremål (LNF). Ved søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad må det og søkjast om dispensasjon frå LNF – føremålet.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak


| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Hanne Marie Evensen |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |


*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| May Lise Kismul | Skarsvegen 549 | 5911 | ALVERSUND |